



HJELMELAND KOMMUNE

KODEJAKTA 2019



NY KODEJAKT!

Så er me i gong med ny Kodejakt igjen. Konkurransereglane er som før: ved 10 ulike turmål i Hjelmeland kommune har me plassert ei skilttavle med ein kode for dette området. Enkelte turar er det nokså enkelt å ta seg fram til, medan andre er relativt lengre og meir utfordrande. For kvart skilt du finn og kvar kode du noterer deg, aukar du vinnarsjansane din. Finn du alle kodane deltek du altså med heile 10 «lodd» i friluftskonkurransen vår.

På kartet kan du sjå kvar kodane er plassert. Det er oppgått sti fram til dei fleste kodane. Unntaket er turen til Skorva

og til Rage, men her har me prøvd å merka så godt me kan. Det kan likevel vera ein god idè å ta med sitt eige kart i tursekken. Det er også verd å merka seg at stiane som er streka opp i denne brosjyren neppe er heilt presise.

Så må du hugse at det er bandtvang og at du lukker alle grindar etter deg. God tur!

Turane er graderte slik;

■■■■ GRØN – nokså enkel

■■■■ BLÅ – middels

■■■■ RAUD – litt krevjande

KONKURRANSEREGLAR

På kartet ser du kvar koden til kvar enkelt tur er plassert. Punktet er merka X. Kvar tur har ein kode som du må notera deg. Du kan berre registrera koden ein gong sjølv om du kanskje går fleire turar til same turmål.

Finn du alle 10 skilta og kodane, så deltek du altså med ti lodd i trekninga om

fine premiar. Merk at du likevel må ha funne minst 5 av kodane for å kunne delta i konkurransen om hovudpremien.

Kodane, saman med namn på staden du fant dei, sender du til:
eldfinn.austigard@hjelmeland.kommune.no
innan 31.oktober. Hugs namnet ditt, pluss telefonnummer.

TAKK TIL



SparebankenVest

for støtte til denne brosjyren

PREMIAR

1. Gåvekort på kr 5 000,- gitt av Enkel-butikken.
2. Stormkjøkken
3. Tarp/gapahuk
4. Kikkert
5. Kart over Hjelmelandsheiane
6. Bålkjele
7. Villmarksbestikk i tre
8. Turkopp
9. Kokesett
10. Kompass

Dersom du får lyst til å utforske andre turmål i Hjelmeland, så finn du eit utval på facebook: På tur i Hjelmeland. Eller www.ut.no, og www.hjelmeland.kommune.no

Tilretteleggjar: Hjelmeland kommune – Kulturseksjonen
Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland – Tlf: 51 75 00 00
Grafisk utforming: Strandbuen – Trykk: Jærprint as

TAKK TIL



bygg og butikk as
for gåvekort

8 LEITE

Turen til Leite startar frå hjørnet av Vågahuset. (kommunehuset) Du kan parkere på kaiområdet her. Følg deretter skilta “Leiterunden” som viser veg opp til Sæbotunet.

Vidare på landbruksveg i retning den gamle fotballbanen på Flåtene. Du vil passere skiltet «Leite» - her må du sjå etter koden. Men pass på når du går ut på kanten, her går det bratt utfor. Ved Flåtene svingar du ned på Burmavegen som tek deg tilbake til kaien ved kommunehuset igjen.

Rundtur ca 1 time



1 SKORVA

Du kan gå til Skorva frå fleire utgangspunkt, men her går me ut frå at du nyttar deg av tilbudet om å kjøra frå Laugaland til Undestølsvatnet på skogsvegen. Her er det bom-avgift, køyreleiyvet betales med vipps.


Stien til Skorva er merka frå P-plassen, som ligg ca 200 m før du kjem fram til vatnet.

Koden finn du ikkje på høgaste Skorva. Du må gå litt lenger sør til du ser ned på garden i Trodla-Tysdal.

Tilbaketuren kan du leggja ned om Grasli, då vil du også passere Hjelmelands største frittliggjande stein, Storsteinen. Denne kolossen er rekna til å vera 4750 tonn.

Ca 4-5 timar tur/retur

Kartreferanse: N59.1973 - Ø6.3849





RANDØY

2

P

P

3

4

P

FISTER

2 BRURATONÅ

Turen til Bruratonå startar frå hovudvegen ved Saltkjel, (Randøy Ring) og føl skogsvegen store delar av turen. Siste del av turen går stien bratt opp mot toppen.

Herfrå går du vidare mot Bruratonå. Det er også merka sti både til Kodl og Øyeåsen, dersom du har lyst til å ta ein avstikkar dit.

Frå Bruratonå har du utsikt over store delar av ryfylkebasenget.

Tid ca 2 timar tur/retur

3 HAUSKEFJELLET

Parkering ved Hjelmeland Samfunnshus. Du finn utgangspunkt for stien ved å gå frå P-plassen ca 200 m langs RV13 mot Årdal og svinga inn til venstre gjennom grinda. Stien er merka mot Hauskefjellet.

Etter 10-15 min gange kjem du opp på ein nylaga skogsveg, denne skal du berre fylgja ca 100 m før du går rett fram der denne svingar til venstre. Fylg merking. NB! Det er veldig bratt utfor tett ved der koden ligg, så her må ein ferdast varsomt!

Ca 1,5 time tur/retur

4 LAUVÅSEN FISTER

Start frå P-plass ca 500m før Solbjørg.

Herfrå går det merka sti opp til veggen som går opp til Lauvåsen. Du kan også følge bilvegen frå P-plassen og opp til Lauvåsen, men her møter du ei grind som har gjerdeklivar ved sida. Følg denne til toppen.

Ca 1,5 time tur/retur

7 NIPEN

Følg vegen mot Eventyrskogen og kjør heilt til p-plass ved Røgle.

Her går du opp Valheimsskaret, (sjå skilt Nipen) følg traktorveg til toppen. På toppen av Valheimsskaret svingar du vestover og føl stien heilt ut på Nipen.

Ca 2,5 time tur/retur

9 NONSÅSEN

Start frå RV13 på toppen av Tveitebrekka. Her er det veldig viktig at du parkerer slik at ut- og innkjøring til skogsvegen ikkje vert sperra.

Følg skogsvegen som går sørover og inn i skogen. (gå til høgre) Skogsvegen deler seg etter ca 6-800 m gange, her går du rett fram (sjå skilt Kod-ejakt) Følg deretter merka traktorveg ca 1 km, Ved enden av traktorvegen går du opp på ein liten haug der du får utsikt over øvre del av Årdal. Her finn du også koden.

ca 1,5 time tur/retur



5 RAGE

Mange vegar fører til Rage. Du kan gå frå Bjødnabu og følgje stien mot Brendeknuten, men svingar ned til austre enden av Kaldavatnet og følgjer sti derifrå til Rage. Du kan også kjøre opp frå Årdal, sving inn mot Eventyrskogen og kjør vegen heilt opp til P-plass på Røgle.

Ved Røgle går du over brua og langs vegen inn til Kaldavatnet. I vestre enden av vatnet, ca 300 m etter du har passert p-plassen ved Kaldavatnet, går du inn på merka sti som du kan følge til Rage. (Sjå etter skilt mrk. Kodejakta)

Ca 5 timar tur/retur. Kartreferanse: N59.1594 - Ø6.2931


5

10

10 SELFLÅT

Her startar du turen frå P-plassen på Nes. Følg STF si merka merka turistløype mot Viglesdal. På Rygg, ca 100 etter du har passert Jettegryta, svingar du av til høgre (sjå skiltet «Kodejakta») og går opp til stien som går innover mot Hedlestøl. Følg merkinga på denne stien ca 500 m inn til Selflåt.

Ca 2 timar tur/retur



6. HØGAFJELL (JØSNESET)

Høgafjell, 230 moh, Knutsvik – flott utsiktsiktunkt i nordvestre hjørne av Hjelmeland kommune: Start er «sentrum» i Knutsvik. Følg hyttevegen til enden av Øygarden hyttefelt. Ta gjerne avstikker ned til markant stor stein i strandkanten, Hårsteinen.

Deretter merka sti forbi hyttene og bratt oppover. Eit bratt, kort ulendt parti ved Hundastien. Deretter opp i fin furuskog til topps: Høgafjell på ca 230 moh.

(Her har Jøsneset Helse- og Øygarden hyttefelt turpostbøker)

Fine opne berg, og kanonutsikt utover Nedstrandsfjorden og Bandåsen. Rundtur vidare austover, og ned tilbake via Morkjavegen (skogsveg/hytteveg).

Rundturen er ca 5,5 km, ca 2 t. Enkelte våte parti

REGISTRERINGSSKJEMA

Nr.	Namn på tur	Besøkt dato	Kode
1	SKORVA		
2	BRURATONÅ		
3	HAUSKEFJELLET		
4	LAUVÅSEN		
5	RAGE		
6	HØGAFJELL		
7	NIPEN		
8	LEITE		
9	NONSÅSEN		
10	SELFLÅT		

Navn:

Adresse eller e-post:

Telefon:



Hjelmeland kommune, Vågavegen 116,
4130 Hjelmeland – Tlf: 51 75 00 00
postmottak@hjelmeland.kommune.no